
Arkivsak-dok. PLAN-21/00335-2
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Detaljreguleringsplan for Furnes Masseuttak

Administrasjonssjefen si innstilling:

I medhald av PBL § 12-10/11 vedtar planutvalet å legge planforslag for Furnes Masseuttak ut til offentlig ettersyn, med plankart føresegner og omtale/konsekvensutgreiing datert 25.10.2021.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Det er Consilium AS v/Erik Stabell Ludvigsen som har utarbeidd plandokumenta på vegne av tiltakshavar Tomra Maskin AS. Grunneigar er i hovudsak Nikoline Stokkeland på Vestnesgarden, men også Statens vegvesen (E39) er berørt.

Det har vore drift i masseuttaket ved Furneset sidan 1995 og målet med reguleringsplanen er å sikre ein langsiktig forvaltning av forekomsten. Planområdet omfattar 474 daa, medan sjølve masseuttaket omfattar vel 200 daa og eit uttak på over 2 mill. m³. Omfanget utløyser automatisk krav om konsekvensutgreiing.

Planprosessen starta i 2007 med Sikho AS som konsulent. Arbeidet stoppa opp i 2012. Aktuelt areal vart i 2015 vedtatt lagt inn i kommuneplans arealdel, slik at planlagt tiltak no er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Manglande framdrift i planarbeidet kjem i stor grad av uavklarte planer for Statens vegvesen sitt anlegg (E39 og ferjekaia). Tiltakshavar beslutta så å starte opp att planarbeidet utan å vente lenger på avklaringar frå Statens vegvesen. I samråd med Vestnes kommune vart det konkludert med å vidareføre arbeidet med bakgrunn i tidlegare varsel og mottekne merknader og utarbeide reguleringsplan og konsekvensutgreiing etter gjeldande lov og forskrift. Seinare har covid-19 gitt ytterlegare forsinkelsar

Vurdering

Planforslaget er i samsvar med kommuneplanens arealdel og sikrar ein langsiktig forvaltning av samfunnsnyttige ressursar, i form av stabil tilgang til byggesråstoff. Uttaket ligg skjerma til for bebyggelsen langs Buktavegen. Storleiken på uttaket gjer også at aktiviteten på kvart nivå går

over så lang tid at vegetasjon kan etablere seg i bakveggen før denne blir eksponert for innsyn. Adm.sjefen vurderer det ikkje som formålstenleg å vurdere planforslaget meir detaljert no, men ser det som viktig å legge planforslaget ut til offentlig ettersyn, slik at ein kan få oversikt over alle aktuelle innspel før vidare behandling.

Vedlegg

Forslag til plankart

Forslag reguleringsbestemmelser

Planbeskrivelse konsekvensutredning 2021

Vedlegg_1_Støy

Vedlegg_2_Planprogram-Konsekvenser

Vedlegg_3_Naturmiljø

Vedlegg_4_Ngu

Vedlegg_5_Risiko- og sårbarhetsanalyse_

Særutskrift:

Tomra Maskin AS

Consilium AS